

## DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Rapport for 2015

Vaksdal kommune fekk løyvd kr. 54.000,- til kulturtiltak for eldre hausten 2014. Midlane vart brukt i 2015. **Vår og haustplan lagt ved!**

NAMN PÅ TILTAK:

«Kultur i kvardagen»

SKILDRING:

Arrangør har samarbeidd med institusjonane, Dale Omsorgssenter, Vaksdal Sjukeheim og Vaksdal Eldreråd.

Føremålet har vore å gje eit godt inkluderande og variert kulturtilbod til alle. Tilboda har variert i omfang og forskjellige kulturuttrykk. Dansekveidar, konsertar og føredrag. Vi har nytta lokale kunstnarar og kunstnarar i regi av fylkeskommunen.

MÅLGRUPPE:

Bebuarar på institusjonar, brukarar av eldresenter, pensjonistlag og andre.

ARENA:

Dale Omsorgssenter, Vaksdal Sjukeheim, Stanghelle Samfunnssal.

TILBOD/MIDLAR BRUKT I 2015

Daletunet Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim har hatt besøk av «den gode melodi». Tema har vore «Vidar Sandbeck-meir enn morsom», «Hytteturen», «Alf Prøysen-et stykke norgeshistorie» og Erik Bye-mannen med det store hjertet», musikalske innslag som er basert på gjenkjennelse og erindring – veldig populært!

Dale Seniordans er ein gjeng glade pensjonister frå Vaksdal og Voss kommune som elsker å danse. Det er alltid god stemning når desse glǻdansarane vitjar institusjonane i Vaksdal kommune. I år var det ekstra gjevt då dei feira 15 års-jubileum.

Eldredagen vert markert kvart år i Vaksdal kommune. Ein stor «happening som samler mange pensjonister og bebuarar ved våre to unstitusjonar i kommunen. Dagen vert markert 1. oktober kvart år. Då samlast alle til ein stor fest med god mat og drikke, foredrag og underhaldning av ymse slag.

Magne Skjævesland vitja institusjonane med «Ferdaminne frå sumaren 1860». Song og kåsering frå Aasmund Olavsson Vinje si bok.

Blandakoret Kordial held haustkonsert i oktober månad på begge institusjonane. Her var det firstemming song og allsong slik at alle fekke vera med.

Jula vart sunge inn med trubaduren, Frode Moltemyr. Her var alle dei kjente og kjære julesongane med til stor glede for publiken.

Dale Mannskor skapte «lått å løy» då dei besøkte institusjonane i juni månad. Allsong, gode historiar og mykje moro. Musikalsk leiar var, Lars Ragnvaldsen.

«Klassiske perler», ei musikalsk vandring med Knut Magnus Bøen (fløyte) og Hallgeir Fiskaaen (gitar).

«Elvesong – livsåra i landskapet» vart presentert med ord og bilete. Diktlesing ved Anita Vik og bildeframsying av Sveinung Klyve.

Elevar og lærarar held sommarkonsert på begge institusjonane i mai månad. Ein spesiell og variert konsert, «Sommartrall med elevar frå Vaksdal kulturskule».

Mvh

Vaksdal kommune

Eining for samfunnsutvikling

v/Ole Johnny Domben